



Universitets- og høgskulerådet

Deres ref

Vår ref

Dato

2023/4763-KNKN

20.04.2023

Svar på Høring – Nasjonale retningslinjer for ingeniørutdanning – bruk av tilleggsbetegnelsen sivilingeniør på vitnemål

Vi viser til høyringsbrev datert 30. mars 2023 om nasjonale retningslinjer for ingeniørutdanning om bruken av tilleggsnemninga «sivilingeniør» på vitnemålet. Vi takkar for moglegheita til å sende våre innspel til dette arbeidet.

UiB er generelt positiv til at retningslinjene set meir tydelege krav til innhaldet i sivilingeniør-grad, og særleg at skilnaden i krav mellom to- og femårige studieprogram er gjort tydeleg. Vi har likevel eit innspel til denne delen av høyringsbrevet:

«Noter også at da utvalget gjennomførte en utsjekk av relevante eksisterende utdanninger, mente en å se at noen «ingeniørfag» opplevdes mer som «realfag». Dette gjaldt både femårige og to-årige program – og både program med og uten «et sterkt innslag av leiing og/eller økonomi». Utvalget oppfordrer derfor de ulike programeierne innen UHR-MNT å foreta en selvevaluering mht. om deres program oppfyller vilkårene for sivilingeniør som tilleggsbetegnelse.»

UiB har tidlegare etterlyst at UHR-MNT tydeleggjer kva som er eit «ingeniørfag» i retningslinjene. Ei slik tydeleggjering krevst for at fagmiljøa sine sjølvevalueringar blir mest mogleg lik på tvers av institusjonane. Vi viser elles til vårt brev datert 2. november 2022.

Avslutningsvis nemnar vi at ein svarfrist på 24 kalenderdagar som inkluderer påske er uheldig. For å sikre kvaliteten på svara må vi ha ein dialog med forskjellige fagmiljø ved forskjellige fakultet ved Universitetet i Bergen (UiB). Denne dialogen tar noko tid.

Beste helsing,

Margareth Hagen
rektor

Tore Tungodden
fung. universitetsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

Tim Torvatn

Paul Ragnar Svennevig

Mads Nygård

Frode Meland

Joachim Kallevig